2017

# HEMSEDAL KOMMUNE



Årsmelding

2017

# Innhald


**1. Rådmannen sine resultatvurderingar ... 4**

1.1 Kva har vi fått til i 2017 – Viktige hendingar ... 5

**2. Særskilte fokusområde 2017 ... 6**

2.1. Administrative OU- prosessar ... 6

2.2 Skule og helse – strategiske grep for framtida ... 6

2.3 Asylmottak og busetting av flyktningar ... 6

**3. Samfunnsperspektivet ... 7**

3.1 Politisk verksemd og organisasjonskart ... 7

3.2 Samfunn og næring ... 10

3.3 Trafikktryggleik ... 10

3.4 Befolkning og folkehelse ... 11

3.5 Barn og unge ... 11

3.6 Teknisk ... 11

3.7 Beredskapsarbeid ... 13

**4. Tenesteperspektivet ... 14**

4.1 Helse og omsorg ... 14

4.1.1 Overordna mål i Helse og omsorgsetaten ... 14

4.1.2 Fagspesifikke mål i Helse og omsorgsetaten ... 16

4.2 Kultur og oppvekst ... 17

4.2.1 Barnehage ... 17

4.2.2 Grunnskulen og opplæring av vaksne ... 18

4.2.3 Kultur – Hemsedal kulturskule, Hemsedal folkebibliotek, klubben, ålmenn kultur ... 20

4.3 Teknisk etat ... 22

4.3.1 Forvaltning (Byggjesak, arealplan, Matrikkel, landbruk, miljø og næring) ... 22

4.3.2 Drift (veg, vatn, avlaup) ... 24

4.3.3 Eigedom ... 25

**5. Medarbeidarperspektivet ... 26**

5.1 Hemsedal 50+ ... 26

5.2 Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta ... 26

5.3 Kompetanseutvikling ... 26

5.4 Sjukefråvær ... 27

5.5 Likestilling ... 27

**6. Økonomiperspektivet ........ 29**
6.1 Driftsrekneskap ........ 29
6.2 Netto driftsresultat over tid ........ 30
6.3 Driftsinntekter over tid ........ 31
6.4 Frie inntekter over tid ........ 32
6.5 Driftsutgifter over tid ........ 32
6.6 Løn og sosiale kostnader – over tid ........ 33
6.7 Verksemdene – avvik rekneskap ........ 34
6.7.1 Rådmannen med stab – sentrale inntekter og kostnader ........ 34
6.7.2 Kultur og oppvekst ........ 34
6.7.3 Helse og omsorg ........ 35
6.7.4 Teknisk ........ 35
6.8 Investeringsrekneskapen ........ 36
6.9. Balansen – nokre viktige samanhengar ........ 38
6.9.1 Fondskapital ........ 38
6.9.2 Arbeidskapital ........ 39
6.9.3 Likviditetsgrad ........ 39
6.9.4 Lånegjeld ........ 40
6.9.5 Andre fordringar ........ 40
6.10 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune – andre kommunar ........ 41
6.11 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune over tid ........ 43

# 1. Rådmannen sine resultatvurderingar

2017 har på mange måtar vore eit turbulent og utfordrande år for Hemsedal kommune. Det har vore eit år prega av stor utskifting i leiargruppa, auke i sjukefråvær og mange vakansar. Til tross for dette har kommunen levert gode resultat på mange av dei prioriterte områda. Dette gjeld spesielt økonomisk resultat. Netto driftsresultat er eit mål på kommunen si handlefridom, og Kommunaldepartementet har uttalt at kommunane bør ha eit høgare netto driftsresultat enn 1,75 % av brutto driftsinntekter. Hemsedal kommune har i 2017 eit netto driftsresultat på kr 11,6 mill., tilsvarande og 4,92 % av brutto driftsinntekter.

Folketalet auka også i 2017, til tross for at begge asylmottaka i kommunen vart lagt ned. Hemsedal hadde ved årsskifte 2457 innbyggarar, ei auke på 15 personar siste året. I siste femårsperioden har folketalet i Hemsedal auka med 233 personar, ei auke ingen andre distriktskommunar kan måle seg med.

Sjølv om sjukefråværet har vore høgare enn normalt i 2018, scorar Hemsedal kommune scorar høgt på ei rekkje parameter som god tenestekvalitet, gode resultat som IA- verksemd og medarbeidarundersøkingar.

For ein del tenester har vi ikkje gode nok metodar for målstyring, men det er likevel rådmannen si meining at kommunen har dyktige, kompetente og fornøgde tilsette , som produserer gode tenester. Resultatet av dette er fornøgde brukarar og gode resultat. Det god grunn til å takke alle medarbeidarane for innsatsen gjennom året. Det er framleis grunn til å framheve det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar i Hemsedal. Kommunen sin tenesteyting saman med frivillig arbeid er viktig både for omdømme, bulyst og folkehelsa i bygda.

## 1.1 Kva har vi fått til i 2017 – Viktige hendingar

- Folketalsvekst på 0,6%, 15 fleire frå 1. januar 2017-1. januar 2018 – frå 2442 til 2457. Einaste kommune i Hallingdal med vekst
- Kommunestyre vedtok å utvide eigedomsskatten frå å berre gjelde «verk og bruk» til å gjelde heile kommunen for å betre inntektsnivået framover
- Kommunestyret har vedtatt bygging og lokalisering av sentralskule ved HBU
- Hemsedal kommune er sertifisert som Trafikksikker kommune
- Ambulansebase og legekontor er bygd om
- Brannstasjon er renovert der krav til reinhald, opphaldsrom m.m. er ivareteke
- Det er innført nytt trafikkmønster på Tuv som trafikktryggleikstiltak
- Det er regionalt jobba fram ei prosjektstilling som skal rettleie, og sikre innsparingar innan innkjøpsordningane for kommunen.
- Klagesak frå Statnett har resultert i mindre inntekter på eigedomskatt verk og bruk, samt ein krevjande klagesakshandsaming der utfall av saka vert avklart først i 2018



# 2. Særskilte fokusområde 2017

## 2.1. Administrative OU- prosessar

I K-sak 11/17 gjorde kommunestyret vedtak om ein gjennomgang av strukturen i administrasjonen, samt at ein skulle vurdera om det er behov for å i omstrukturera arbeidsoppgåver og ansvarsområder.
Rådmann har gjennomgått strukturen og gjennomført ei kartlegging retta mot leiarane i Hemsedal.
Tilrådingane etter desse prosessane er som følgjer:

- Det er grunn til å sjå vidare på organisering av rådmannens sin stab
- Det er behov for ei klårgjering på kva oppgåve som skal ligge til stab og kva som skal utførast i organisasjonen elles.
- Det er behov for ei tydelegare delegering frå rådmannen til etats- og avdelingsleiarar.
- Kommunen er organisert med for mange mindre einingar som har lønn/ personalansvar. Dette tek fokus frå faget, og gjer det vanskeleg å ha tid til god leiing.
- Det er behov for å styrke HR/personal og møtesekretærfunksjonen i rådmannens stab.
- Det er behov for å sjå på heile leiarstrukturen i Helse/omsorg
- Det er vedtatt ein endring på strukturen i oppvekst, der tre skular skal bli til ein skule i 2020

Alle desse prosessane er påstarta i 2017 og vil bli avslutta i 2018.

## 2.2 Skule og helse – strategiske grep for framtida

Kommunetyret vedtok i juni at den nye sentralskulen med tilstrekkeleg areal for kroppsøving skal lokaliserast til HBU. På slutten av året kom vedtak om oppstart, og administrasjonen fekk oppgåva med å planlegge og prosjektere ny skule, slik at den står ferdig til 2020. Heile prosessen fram til oppstartsvedtak har lagt til grunn ein sentralskule på Trøim, som skal være stor nok til å ta imot forventa elevtal i 2040. I tillegg ligg det inne planar for vidareutvikling av barnehagen på Ulsåk med oppstart i 2020.

Når det gjeld behov for utvikling og investeringar i helse- og omsorgssektoren er arbeidet fortsatt inne i den fasen der ein definerer behov. Dette vil bli arbeid meir med i 2018.

## 2.3 Asylmottak og busetting av flyktningar

UDI varsla Hemsedal kommune at avtala med Hemsedal mottak for 40 einslege mindreårige asylsøkarar vart sagt opp med verknad frå 1.5.2017. Siste driftsdag for mottaket var 31.8.2017.
Drifta tok til 1.2.2016
UDI varsla Hemsedal kommune om at avtala ved Hemsedal statlig mottak med 150 plassar vart sagt opp med verknad frå 1.9.2017. Siste driftsdag for mottaket var 30.11.2017. Mottaket hadde vore i drift sidan 2009.

Hemsedal kommune har vedtak om å busette 42 flyktningar i perioden 2016 -2019. Det er til no busett 13 flyktningar i 2017 og 8 i 2016. Dette er i tråd med politiske vedtak. Hemsedal kommune har ikkje fått førespurnad frå IMDi om å busette i 2018.

# 3. Samfunnsperspektivet

Samfunnsperspektivet omhandlar kommunen som samfunnsaktør som skal utvikle kommunen i den retning innbyggjarane ønskjer. Det skal leggast til grunn forvaltning, tenesteproduksjon, strategisk planlegging og næringsutvikling på tvers av etatar.

## 3.1 Politisk verksemd og organisasjonskart

Kommunestyret,  har hatt fylgjande samansetning:

| | |
|---|---|
| Oddvar Grøthe, **ordførar** | Senterpartiet |
| Kjell Erik Skølt, **varaordførar** | Arbeiderpartiet |
| Tove Eggen Lien | Senterpartiet |
| Pål Rørby | Senterpartiet |
| Torstein Tuv | Senterpartiet |
| Petter Owesen | Hemsedal Bygdeliste |
| Marit Foss | Hemsedal Bygdeliste |
| Jørgen Aamot | Hemsedal Bygdeliste |
| Ove Fekene | Hemsedal Bygdeliste |
| Janne Merete Brøndbo | Arbeiderpartiet |
| Olav Syversbråten | Arbeiderpartiet |
| Maria Jartman | Høgre |
| Odd Holde | Høgre |
| Olav Støyten | Kristeleg Folkeparti |
| Ingar Nergård | Kristeleg Folkeparti |
| Steinar Bleken | Venstre |
| Ellen Margrethe Stabursvik | Sosialistisk Venstreparti |

Hemsedal kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med delegering frå Kommunestyret. Formannskap fungerer og som kommuneplannemnd.

Administrativt er kommunen organisert med ein etatsmodellen med 3 etatar.



Tabellen under viser utvikling i talet på politiske saker frå 2013-2017:

| Saker | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunestyret | 72 | 92 | 116 | 143 | 98 |
| Formannskap | 73 | 92 | 80 | 93 | 80 |
| Plan og ressurs | 84 | 105 | 97 | 100 | 104 |
| Livsløp | 37 | 39 | 54 | 87 | 43 |
| Kommuneplannemda | | | | | 16 |

Tabellen under viser delegerte saker fordelt på utval.

| Delegerte saker | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Plan og ressurs | | 394 | 465 | 470 | 484 |
| Livsløp | | 15 | 24 | 14 | 36 |

Delegeringsreglementet skulle vore rullert i løpet av det første året etter val av nytt kommunestyre. Dette vart, grunna ressursmangel,  ikkje gjort og denne saka kjem til politisk behandling i 2018.

**Kundekontakt - service**
Hemsedal Kommune har fleire plattformar kor me møter våre kundar (innbyggjarar, tilflyttarar, hyttefolk, turistar osv). Tenestetorget på kommunehuset har som mål å gje informasjon om kommunale tenester, gje generell informasjon om Hemsedal og ta imot besøkande året rundt.

Av målbare aktivitetar har me Tenestetorget ein servicegrad (svar innan 20 sek) på 96,4% når det gjeld svar på telefon. I 2016 starta kommunen si eiga facebookside og me hadde 1000 følgjarar som mål i løpet av 2017. Ved utgangen av året hadde me 1061 følgjarar. Det har vore ei nedgang i bruken av heimesidene på 12%, noko som kan tyde på at kundane har funne relevant informasjon via facebooksida. I 2017 vart det påbegynt eit arbeid med å skaffe søkemotor som tek både nynorsk/bokmål på heimesida, og denne vert rulla ut våren 2018, søkemotoren vil då også inkludere søk i sakspapir i møtekalenderen.

## 3.2 Samfunn og næring

| | |
|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| Mål 2017 | Status | |
|---|---|---|
| Ferdigstille kommuneplanen sin arealdel | Kommuneplannemnda har hatt 9 møte og 3 befaringar i 2017. Arbeidet har vore omfattande, og har vorte forsinka grunna vakanse på planavdelinga. Planen vert truleg klar til 1. gangs handsaming juni 2018 | Gul |
| Ferdigstille reguleringsplan for Trøym. Sikre grunnlag for vidare nærings-utvikling, og grunnlag for realisering av nødvendig skule og helseutbygging | «Veien videre» - innspel frå næringsliv, og grunneigarar har avklart utviklingspotensiale mellom Fjellandsbyen og Trøym sentrum. Kommunestyret har lagt nye føringar for detaljplanarbeid, og vedtak om lokalisering av sentralskula. | Gul |
| Ferdigstille ny Energi- og klimaplan - revidering | Arbeidet med revidert energi- og klimaplan ligg noko etter planen, men høyringsutkast vert klart rett på nyåret 2018. | Gul |
| Oppstart av reguleringsplan for Tuv, samt etablering av ein gang- og sykkelveg mellom Tuv og Holdebakken | Arbeidet med ny reguleringsplan for Tuv har vorte påverka av politiske omprioriteringar der reguleringsplan for g/s-veg Holdebakken Tuv vart prioritert først. Oppstart av planarbeidet for Tuv er varsla, og planforslag for g/s-veg er lagt ut på høyring.  Kommunen sikra finansiering av planarbeidet ved hjelp av tilskot frå FTU | Gul |
| Klart høyringsforslag på Hovudplan for vatn og avløp, som kommunedelplan | Det er jobba med analyser og underlagsdokumentasjon, men arbeid med gjennomføring av andre drifts- og investeringstiltak legg beslag på planarbeidet. Forslag til planutkast ferdigstillast vinter 2018 | Gul |
| Avklare framtidig bruk og eigarform for landbrukseigedommen Båstø | Arbeidet med kommuneplanen har avklart ønskja arealbruk. Kommuneplannemnda tilrår at eigedommen framleis vert regulert til landbrukseigedom. Uavklart  framtidig eigarskap. | Gul |

## 3.3 Trafikktryggleik

| | |
|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| Mål 2017 | Status | |
|---|---|---|
| Rullering av handlingsplan, og gjennomføring av tiltak i tråd med vedteke Trafikktryggleiksplan | Handlingsplanen er rullert. Det er løyvd kr. 240.000,- i FTU-midlar til gjennomføring av nytt og meir trafikksikkert parkerings- og køyremønster på Tuv oppvekstsenter. Vi har fått kr. 400.000 frå Samferdselsdep. til g/s-veg Holdebakken-Tuv. Det er løyvd ca. 1,3 mill i Trafikktryggleiksmidlar til gjennomføring av g/s-veg. Desse midlane vert søkt overført til 2018.  Det har ikkje vore kapasitet til gjennomføring av trafikktiltak ved Hugnadheim | Gul |
| Godkjent sertifisert som trafikksikker kommune | Kommunen vart i 2017 godkjent som trafikksikker kommune for perioden 2017-2019, og fekk kr. 50.000,- som «premie» frå Trygg Trafikk og Fylkeskommunen | Grøn |

## 3.4 Befolkning og folkehelse

| Mål 2017 | Status | |
|---|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** | |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** | |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** | |
| Gjennomføre Ungdataundersøking 2017 | God deltaking 90%. Resultata viser at unge i Hemsedal i stort sett har det bra. Men dessverre opplever også mange ungdomar einsemd og psykisk uhelse. Administrasjonen jobbar videre med tolking av resultata i 2018. | Grøn |
| Vidareutvikla dagsenter og aktivitetstilbod | Mangel på lokale og areal fører til at enkelte brukargrupper manglar tilbod | Raud |
| Revidering av rusmiddelspolitisk handlingsplan | Ikkje gjennomført pga ressursmangel | Raud |
| Vidareutvikla samarbeid med lag og organisasjonar | I planleggingsfasen. I handlingsplan for folkehelse for Hallingdal er dette et område som skal prioriteres. | Gul |

## 3.5 Barn og unge

| **Mål 2017** | **Status** | |
|---|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** | |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** | |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** | |
| Følgje opp barn og unge som ikkje har eit kultur- og fritidstilbod | Det er starta opp «Tysdagstreff» - eit tverrsektorielt lågterkseltilbod for elevar på HBU etter skuletid. Dette har vore vellykka tiltak. | Grøn |
| Sikra god overgang til vidaregåande opplæring med spesielt fokus på sårbare unge. | Vi har starta samhandlingsmøter mellom PPT, vidaregåande skule, grunnskule, Koordinerande eining og skuleeigar for å sjå på korleis ein best mogleg tek vare på elevar i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande skule. | Gul |
| Vidareutvikla og vurdere Ungdomslos-prosjektet som en permanent interkommunal teneste | NAV, Buskerud fylkeskommune og Hallingdals kommunane Har funne ei løysing for det neste året, men har ikkje funne varig løysing. | Gul |
| Vurdere nye modellar for organisering av tverrfagleg arbeid , forsøk med familieteam.<br>Styrke tverrfaglig samarbeid i høve til førebyggande arbeid for barn og unge og deira omsorgspersonar | Tiltak i fht måloppnåing blir jobba med kontinuerleg. Bla familiekonsulent, resursteam for 16-23, tysdagsgruppa med meir.<br>Det er starta opp fleire tverrsektorielle prosjekt her. Både kommunalt og interkommunalt. Bla opplæring i COS (circle og security) ICDP, Kjærlighet og grenser med meir. | Gul |
| Redusere fysisk inaktivitet blant barn og unge. Aktivitetsløft i SFO, skole og fritid | Dette vert det jobba med kontinuerlig. Samarbeid med Buskerud idrettskrets og Hemsedal IL er ikkje systematisert/etablert. | Gul |
| Etablere interkommunalt ressursteam for barn med autisme og deira omsorgspersonar | Prosjektfinansiert i 2017 og delvis i 2018 med Hemsedal som vertskommune. | Gul |

## 3.6 Teknisk

| |
|---|
| **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |

| | | |
|---|---|---|
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** | |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** | |
| **Mål 2017** | **Status** | |
| Utarbeide ein bustadsosial handlingsplan | Arbeidet er ikkje påstarta jfr. underbemanning, og manglande ressursar | |
| Finne egna areal til både bustadtomter og meir konsentrert utbygging, for tomannsbustader, til leilegheitsbygg i dei tre bygdesentra, Tuv, Trøim og Ulsåk. Gjennom framtidige reguleringsplanar for tettstadene, leggje til rette for mindre husvære og konsentrert utbygging. | Sal av kommunale bustadtomter i tråd med mål - 5 tomter på Svøo III, og 4 tomter på Fiskum. Det hastar å kome i gang med regulering av nye tomteareal. Det vert vurdert som tilfredsstillande sikra areal for bustadbygging, både sentralt og spreidd i overordna planar, men det kan synast å mangle privat investeringskapital for å realisere. | |
| Ha gjennomgangsbustader for ungdom. | Vert vurdert i gjeldande reguleringsplanarbeid for Tuv, og områdeplan Trøym jfr. pågåande planprosessar. | |
| Leggje til rette for eldre-bo med nær avstand til sentrumsfunksjonane. | Vert vurdert i pågåande områderegulering for Trøym. | |
| Leggje til rette areal for tenlege husvære for sesongarbeidarar. | Kommunen har gjennom områdeplan for Holdebakken sikra areal for sesongarbeidarar, og næringsaktørar jobbar med å finne ein måte å realisere dette på. | |



## 3.7 Beredskapsarbeid

| |
|---|
| **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| Mål 2017 | Status |
|---|---|
| Oppdatere varslingslister | Hyppige oppdateringer i 2017 grunna mange endringar. |
| Gjennomføre minimum ei øving | Det er gjennomført 4 øvingar, ei med fylkesmannen, ei felles i Hallingdal og to interne. |
| Årleg oppdatering og revidering av overordna beredskapsplan | Årleg oppdatering er gjennomfør i samsvar med årshjul. |
| Jobbe for eit godt samarbeid med dei andre kommunane i Hallingdal og andre eksterne aktørar. | Kommunane har hatt ei øving saman. Både mellom rådmenna og beredskapskoordinatorer i kommunane har temaet vore diskutert. Fleire kommunane er einige om eit tettare samarbeid. |
| Setje fokus på sektorovergripande samarbeid og planlegging i kommunen og gjere beredskapsarbeidet til ein del av etatane si planlegging og sine rutinar | Beredskap er ofte eit tema i leiargruppa, og det er eit auka fokus på at sektorane må kjenne til kvarandre sine hovudplanar. |



# 4. Tenesteperspektivet

## 4.1 Helse og omsorg

| | |
|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** (grøn) |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** (gul) |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** (raud) |

| Mål 2017 | Status | |
|---|---|---|
| Implementere kvardagrehabilitering i tenesta | Etablert gode rutinar og prosedyrar for dette i tenesta | grøn |
| Innføre velferdsteknologiske løysingar | Prosjektarbeidet er starta og noko er tatt i bruk | gul |
| Vidareutvikla etisk refleksjon | Nedprioritert pga andre prioriterte aktiviteter | raud |
| Utvikle nye dagaktivitetar og dagsenter | Ikkje rom for dette ressursmessig i 2017 | raud |
| Utvikle samarbeid med lag og organisasjonar om helsefremmande aktiviteter | Prøvd oppstart med aktivitetsvenn, men det var utfordrande med rekruttering | raud |
| Ferdigstille helse og omsorgsplan, rusmiddelspolitisk handlingsplan, rehabiliteringsplan mm. | Ikkje starta med dette pga. høgt arbeidspress | raud |
| Sikre sysselsetting og aktivitetstiltak til ulike brukargrupper | Mangel på lokale og ressursar gjør at noen brukargrupper mangler tilbud | gul |
| Etablere resursteam/familieteam | Prosessen er starta opp | gul |
| Systematisere e-læring og | Ikkje systematisert i 2017. Noe er tatt i bruk | gul |

### 4.1.1 Overordna mål i Helse og omsorgsetaten

| | | |
|---|---|---|
| internopplæring i etaten | | |
| Utvikle læring og mestringstilbod | Har starta opp med livsmeistringskurs | |
| Ha ein et funksjonelt kvalitetssystem | Ikkje prioritert i 2017 | |



### 4.1.2 Fagspesifikke mål i Helse og omsorgsetaten

| | |
|---|---|
| | Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess (grøn) |
| | Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess (gul) |
| | Manglande resultat – ikkje gjennomført (raud) |

| Mål 2017 | Status | |
|---|---|---|
| Ressursar og kompetanse i skulehelsetenesta | Pga høyt arbeidspress som følge av ressursmangel har enkelte oppgaver blitt nedprioritert i 2017 | (gul) |
| Revidere smittevernplan samt helsemessig og sosial beredskapsplan | Ikkje prioritert i 2017 | (raud) |
| Oppsøkjande og førebyggjande teneste for alle personar over 75 år. | Ikkje prioritert i 2017 | (raud) |
| Sikre gode overgang frå ungdomsskole til vidaregåande for barn og unge med funksjonsnedsettjing | Er i dialog med Gol vidaregåande samt fylkeskommunen for å få til en god overgang. | (gul) |
| Sikre et forsvarlig hjelpemiddellager | Stor plassmangel i noverande lager | (gul) |
| Tilby fysisk aktivitet som et ledd i dagsentertilbod | Pasientar med dagopphald får tilbod om gruppetrening ved Hemsedal bygdaheim. Manglar dagsenter | (gul) |
| Styrke dag-/aktivitetstilbod for dei som bur på bygdaheimen, og for heime-buande og deira pårørande som treng avlasting på dagtid. Utvikle eit inn på tunet tilbod for yngre personar med demens vil vere eit satsingsområde | Manglar tilrettelagte lokalar tett opp mot bygdaheimen. Fleire brukarar får tilbod via inn på tunet, miljøarbeid med meir, men gruppebaserte dagsentertilbod og aktivitørtenester er sakna. | (gul) |
| Implementere tverrfagleg ressursteam som styrkar rehabiliteringstenestene i heimen med heimetrenerar/ aktivitetstrenerar | Kvardagsrehabilitering som metode er implementert. Prosjekt er svært vellykka. | (grøn) |
| Sikre riktig bruk av IMA og ØHD- plassar ved Hallingdal sjukestugu. | Dialogmøter med Vestre viken og lokalt samarbeids utval gjennomføres jevnlig. Vi jobbar fortsatt med å sikre at pasientar og brukarar får riktig hjelp på «rett» nivå | (gul) |



## 4.2 Kultur og oppvekst

### 4.2.1 Barnehage

| |
|---|
| **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| **Mål 2017** | **Status** |
|---|---|
| Arbeide for tidleg innsats i barnehagen | Barnehagen er langt meir bevisst, nyttar undringsskjema og set inn tiltak. I og med at barnehagane har spesialpedagogisk ressurs, så kan me jobbe systemisk med tidleg innsats. |
| God samhandling mellom verksemder og etatar med fokus på tidleg innsats for barn og unge | Vi har no eit samarbeid mellom verksemder og etatar for barn med større utfordringar. Det lettar situasjonen for pårørande. Barn og unge får eit betre tilbod og tilsette vert meir stabile. |
| Førebygging av mobbing - vidareføre programmet «Være sammen» og oppretthalde ressursgruppe. | Barnehagen har vidareført programmet ved å gi fleire pedagogar tilbod om sertifisering. Føresette har vorte involverte i arbeidet på ulike måtar. Tilsynet hausten 2016 gav tilbakemelding om at dei kunne sjå «Være sammen» i det daglege arbeidet. |
| Rekruttere og behalde tilsette i barnehagen med naudsynt kompetanse | Tilsette i barnehagane har høgt utdanningsnivå, me har og fått tilsett ein spesialpedagog. Fleire tilsette er under utdanning , både som barnehagelærarar og fagarbeidarar. |
| Gode overgangar mellom barnehage og skule | Overgangsplan mellom barnehage og skule vert brukt, men skal reviderast. |
| Oppdatere kvalitetssystemet på intranett | Dette har vi ikkje fått jobba med. |
| Bli meir synlege på nettsidene | Dette har vi ikkje hatt tid til. Vi har prøvd å nytte Facebook. |



### 4.2.2 Grunnskulen og opplæring av vaksne

**Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess**

**Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess**

**Manglande resultat – ikkje gjennomført**

| Mål 2017 | Status |
|---|---|
| Arbeide for å få ned bruk av spesialundervisning | Talet på barn med spesialundervisning har gått ned frå 9 % til 8,1 %, men målet er ikkje nådd enno. Vi har ikkje nådd målet om å heve gruppa som presterer dårlegast på nasjonale prøver. |
| Legge tilrette for tilpassa opplæring i grunnskulen | Det er innført lesekurs og systematisk begreps-undervisning. Språk- og leseplan er under utarbeiding. Arbeidet går inn i sitt andre år. |
| Arbeide ut lokal læreplan/emneplanar på HBU | Emneplanar er innført i nesten alle fag på 5.-10. trinn. Strukturen på planane legg opp til kontinuerleg oppdatering ut frå faglærarane sin fagelege integritet, men skal sikre at innhaldet i undervisninga er riktig i forhold til gjeldande nasjonale læreplanar. |
| Arbeide for elevane sitt utbytte av opplæringa med bakgrunn i emneplanar | Tilsyn frå Fylkesmannen våren 2017 galdt skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Tilsynet omfatta:<br>• Skulen sitt arbeid med opplæring i fag<br>• Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte<br>• Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning<br>• Vurdering av behov for særskilt språkopplæring<br>Fylkesmannen fann ingen avvik i tilsynet. |
| Innføre ny læringsplattform | Skooler er innført hausten 2017. Foreldrepålogginga er enno ikkje klar, men er under arbeid og vil vere klar i løpet av våren 2018. |
| Få høgskuletilbod til Hallingdal som gjer det lettare å oppretthalde det faglege nivået hjå tilsette. | I 2017 var 8 lærarar i gang med vidareutdanning. Utdanningstilbodet er no lagt til Gol i regi av Høgskulen i Sogndal. |
| Legge til rette for gode overgangar mellom barnehage og skule samt grunnskule og vidaregåande | Overgangsplan mellom barnehage og skule vert brukt, men skal reviderast.<br>Faglærarar samarbeider på tvers av grunnskule og vidaregåande. Rektorarar møtast. Arbeidet er i gang men i tidleg fase og vil halde fram. Oppvekstleiarforum for Hallingdal har no årleg møter med Fylkesutdanningssjefen. |
| Skape eit godt psykososialt miljø i skulen | Vi ser effekt av nye planar for å hindre utestenging og mobbing. Ny kunnskap er tileigna. Vi arbeidar vidare med prosjektet inkluderande barnehage- og skulemiljø neste år. |

| | | |
|---|---|---|
| God samhandling mellom verksemder og etatar med fokus på tidleg innsats for barn og unge | Vi har no eit samarbeid mellom verksemder og etatar for barn med større utfordringar. Det lettar situasjonen for pårørande. Barn og unge får eit betre tilbod og tilsette vert meir stabile. | |
| Syte for gode vilkår for norskopplæring for fleirspråklege, grunnskuleopplæring for vaksne og spesialundervisning for vaksne. | Gjennom interkommunalt samarbeid ved Læringssenteret kan vi gi norskopplæring til flyktningar, arbeidsinnvandrarar, vaksne som treng grunnskule og vaksne som treng spesialundervisning. | |
| Bli meir synlege på nettsidene | Dette har vi ikkje hatt tid til. Vi har prøvd å nytte Facebook. | |





### 4.2.3 Kultur – Hemsedal kulturskule, Hemsedal folkebibliotek, klubben, ålmenn kultur

| | |
|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** (grøn) |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** (gul) |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** (raud) |

| Mål 2017 | Status | |
|---|---|---|
| Hemsedal kulturskule skal kunne tilby elevane høg fagleg og pedagogisk kvalitet på undervisninga. | Vi har høgt kvalifiserte pedagogar i kulturskulen. Vi samarbeider med andre kommunar for å kunne tilby eit så stort mangfald samt at vi kan tilby pedagogar i kultuskulen jobb i skulen. | grøn |
| Hemsedal folkebibliotek skal vera ein kulturarena, drive aktiv formidling av informasjon, kunnskap og kultur, og vera ein god samarbeidspartnar for lag og organisasjonar | Vi gjennomfører prosjektet «Høgskulebiblioteket 622 moh» med økonomisk støtte frå Nasjonalbiblioteket. Vi utviklar tilbodet vårt til studentar busett i Hemsedal, slik at biblioteket kan tilby tenester til desse på same måte som høgskulebibliotek. Det er gjennomført «Trøll i ord», debattkveldar og kulturelle kveldar. | gul |
| Biblioteket skal samarbeide med skulane og ulike former for lesetiltak skal vere ein del av bibliotekverksemda | Vi brukar mykje tid på formidling av litteratur og å prøve å gje elevane leseglede, både i ein til ein-situasjonar og for heile klassar. Alle elevane, både på HBU og Tuv/Ulsåk, får bokprat og informasjon om ny litteratur minimum to gonger i semesteret. | grøn |
| Biblioteket skal leggje vekt på at tilboda skal ha høg kvalitet, vere aktuelle og allsidige med ny tilvekst av trykte medier, e-medier og vedlikehald av eksisterande biblioteksamling. | Vi har for lite tid til å halde oss orientert om ny litteratur og til å halde samlinga vår vedlike og gjerne den attraktiv. God formidling til både born og vaksne krev kunnskap om litteraturen og innhaldet i samlinga vår. Vi må vurdere tiltak som frigjer tid for tilsette om ein ikkje må ty til auka bemanning. | raud |
| Ungdommen skal sjølve delta i drifta av klubben og i planlegging og gjennomføring av arrangement mellom anna UKM. | Ungdomen har hand om gjennomføring av UKM, men litt støtte av vaksne. Dette arrangementet har vorte ungdommen sitt arrangement. | grøn |
| Skape et godt miljø og få fleire som besøker «Tysdagstreff» (tilbod for elevar på HBU) | Ope tilbod for alle på HBU, men framfor alt mellomtrinnet som har nytta tilbodet. Det er fleire som møter opp og vi har fleire vaksne som er til stades noko som skapar eit tryggare og betre miljø for barna. | grøn |
| Utvikle klubben og skatepark på uteområdet saman med ungdomen | Skateparken er utvikla etter planen.<br>Ungdomsklubben har hatt ein god utvikling med langt fleire besøkande. | grøn |
| Det skal stellast i stand lokale og felles rusfrie arrangement for ungdom i Hallingdal også på andre arenaer enn Ungdomsklubben. | Det vert arrangert rusfrie arrangement for ungdomen på Klubben. Det er også eit mål å ha arrangement som er rusfrie utanom Klubben. Eksempel på dette var Ung i Fauskival som vart eit svært vellykka arrangement i 2017. Vi arbeider for å få fleire rusfrie arrangement. | gul |

| | | |
|---|---|---|
| Tildeling av spelemidlar | Det er sendt 10 søknader om prosjekter frå HIL og Hemsedal kommune. Det er ca. 4 års etterslep på utbetaling av midlane. | |
| Få til drift av kultursalen | Foajeen vart mykje brukt til utstillingar i 2017. Det er ikkje avsett midlar til drift og aktivitetsmidlar i Kultursalen. Viktige rom bak scena er nytta som lager og verkstad for vaktmeistrane. | |
| Bli meir synlege på nettsidene | Dette har vi ikkje hatt tid til. Vi har prøvd å nytte Facebook. | |
| Arbeide for «Den kulturelle spaserstokk» | Ordninga med tilskot til «Den kulturelle spaserstokk» frå Buskerud fylke er avvikla | |






Foto: Terje Bjørnsen

## 4.3 Teknisk etat

### 4.3.1 Forvaltning (Byggjesak, arealplan, Matrikkel, landbruk, miljø og næring)

| |
|---|
| **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| Mål 2017 | Status |
|---|---|
| Vi skal ha ei effektiv byggjesakshandsaming, herunder opprydding av ulovleg skilt og reklamebruk | Betre enn landssnittet på byggesak – framleis på etterskot med matrikkelføring av bygg, og tilsynsarbeid spesielt i høve skilt. |
| Oppfølging av tilsynsstrategi med vekt på næringsavfall, og regionalt samarbeid | Ikkje ressursar til gjennomføring, men aktiv info i kommuneposten om ansvar, «rykka ut» etter varsel, eige handverks-/ entreprenørmøte med bl.a. fokus på tema. |
| Prosjekt «senger i næring» - sikre at reguleringsføresegna i turistområder vert følgt | Fremja sak, og gjort vedtak på korleis grunnlaget for forvaltning av nye reguleringsplanar skal følgjast opp. Lagt plan for rettleiing, og oppstart av ulovlegheitsoppfølgjing. Jobbar med å få ein felles forståing av krav til «omgrepet fellesdrift», avklaring 2018. |
| Nasjonalt mål: 100% tildelte vegadresser innan 31/12- 2014. Tildele vegadresse til alle adresseverdige bygg i kommunen. | Har oppnådd 79% dekningsgrad for tildeling av offisielle vegadresser. Er avhengig av vedtak av nye vegnamn i kommunestyret. Det er tildelt vegadresser til alle bustadhus. |
| Vidareutvikle regionale samarbeids-løysningar med mål om auka effektivisering og utvikling av sterke fagmiljø | Vore fleire møter regionalt med fokus samarbeid innan byggesak, oppfølging av spreidd avløp, plankontor etc, men framdrifta i arbeidet er avhengig av felles prioritering. Har vore arrangert felles tilsynsseminar på Nesbyen |
| Etablering av eit studietilbod for desentralisert høgskule utdanning retta mot reiseliv i samarbeid med Universitetet i Stavanger (UIS). | Hemsedal kommune med prosjektleiarfunksjon har i samarbeid med regionrådet og reiselivsnæringa i Hallingdal samt UIS arbeida med å få på plass eit bachelor studie – «Guide og entreprenørskap i naturbasert reiseliv», med opp start haust 2019. Studiet er fullfinansiert dei fyrste tre åra. Studiet er modulbasert med seks samlingar det fyrste året med ein stor del praktisk tilrettelagt kunnskap. Ein kan deretter fortsette dei to siste åra på Reiselivsleiing på UIS for å få ein fullverdig bachelor utdanning. |
| Effektiv saksbehandling av reguleringsplanar | Grunna vakanse i stilling, og underbemanning er ein på etterskot med alt planarbeid, men og handsaming av dispensasjonssaker. Det er lyst ut vikariat, og køyrt anbod for innkjøp av konsulentbistand. Områdereg.plan Trøym stoppa opp grunna naudsynte politiske avklaringar knytt til reiselivsutvikling, og areal for skule/ helse. Rullering av arealdel er forsinka. |

| | | |
|---|---|---|
| Offensiv forvaltning av statlege tilskotsordningar innan landbruk til drift og investering | Arbeida med BU saker for investering mjølk og kjøttproduksjon – løyst ut kr. 2,- mill,- i tilskot. «Prosjekt Løene på Jordheimsmyrane» har resultert i søknadar til SMIL, og kulturminnefondet. Jobba fram 13 SMIL- søknader. | |
| Gjennomføring av tiltak jfr. gjeldande energi- og klimaplan | Med omsyn på ressurssituasjon er måloppnåinga akseptabel. Norgesmester innan miljøfyrtårnarbeid i høve folketal. Fleire mål må revuderast – mykje arbeid med revidering av Energi og klimaplan - vert venta verdigstilt vinter 2018 | |
| «Temaplan for beite og kulturlandskap» – synleggjere plan i høve framtidig arealforvaltning | Har vore på etterskot med planarbeidet grunna ressurssituasjonen på etaten. Plan lagt fram for politisk behandling, er lagt ut på høyring. Vert vedteke 2018. | |
| Aktiv bruk av stig- og løypeplan som ledd i reiselivsutvikling, friluftsliv og folkehelse | I samarbeid med HUS fått på plass grunneigaravtaler, finansiert, og starta opp arbeidet med restaurering av første fase I, frå Fylkesvegen og opp til «foten» av Skoghorn, ca. 1000 m. HUS gjennomført sommarvedlikehald og oppsyn. | |
| Gjennomføring av handlingsdelen til Næringsplan | Er i god rute, utvikla innovasjonsverktøy som «start up», utvikla grunnlag for eit regionalt prosjekt «Hallingdal Innovasjon» der ein ser på framtidig organisering av felles næringsarbeid, rullert handlingsdelen til næringsplan, og løyvd tilskot til bedrifter/prosjekt frå Hemsedal sitt kommunale kraft og næringsfond på kr 270 000,-.<br>Støtta har vorte nytta til utviding av eksisterande verksemd, oppstart av ny verksemd samt prosjektarbeid. | |



### 4.3.2 Drift (veg, vatn, avlaup)

| | Måloppnåing | |
|---|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** | |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** | |
| **Handlingsplan - resultatmål - tiltak** | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** | |
| Levere nok, godt og sikkert vatn | Det er ikkje registert avvik i forhold til mål. Syner elles til eigen årsrapport for vassverka. | |
| 100 % av vassverkets abonnentar skal ha hygienisk sikkert drikkevann | Det er ikkje registert kvalitetsavvik på drikkevatnet. Syner elles til eigen årsrapport for vassverka. | |
| Halde lekkasjenivået stabilt på mellom 23-25 % | Lekkasjenivået er høgare enn målsettinga for områda Trøim og Ulsåk. På Tuv er det svært liten lekkasjeprosent. For å få ned lekkasjeprosenten ytterlegare må det arbeidast med rehabilitering og lekkasjesøk fortsetta i åra som kjem. Eigen årsrapport for vassverka. | |
| Uvarsla avbrot i vassforsyninga skal ikkje overstige 500 kundetimer | Berre mindre avbrot i vassforsyning, anslagsvis 50 kundetimar. | |
| Overhalde samtlege myndigheitskrav gitt i forskrift og utsleppsløyve for Trøym, Ulsåk og Grøndalen | Alle rensekrav er overholdt med god margin. Syner elles til eigen årsrapport for reinseanlegga og resepientvurdering. | |
| Oppretthalde dagens standard på kommunale vegar og betre standarden på utvalde strekningar | Vedlikehald og investeringar er gjennomført i samsvar med gjeldane plan. | |
| Utføre tiltak på kommunale vegar i samsvar med gjeldane trafikktryggleiksplan | På grunn av kapasitet er ikkje alle fysiske tiltak utført i 2017. | |
| Syte for og oppretthalde vintervedlikehaldet av kommunale vegar på dagens nivå | Standarden på vintervedlikehaldet av kommunale vegar er oppretheldt på same nivå som tidlegare år. | |
| Sakshandsamingstid 3 veker i kurante sakar | Alle kurante saker er svara på og behandla innan 3 veker. | |



### 4.3.3 Eigedom

| | |
|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** (grønt) |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** (gult) |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** (raudt) |

| Mål 2017 | Status | |
|---|---|---|
| Utarbeida investerings- og vedlikehaldsprogram –tydeleggjer teknisk standard og behov med ei fagleg prioritering i høve gjennomføring. Gjennomføre driftstiltak jfr. vedteke plan for vedlikehald av kommunale bygg | Alle prioriterte driftsoppgåver jf. Forvaltning, drift og vedlikehaldsdokument (FDV) er gjennomført i tråd med økonomisk ramme.<br>Det er ikkje sett av ressursar til vaktordning kommunale bygg på ettermiddag, kveld og helg | (gult) |
| Rasjonalisering av eigedomsdrifta | Ei rekkje personaltiltak med utarbeiding av rutinedokument og kompetanseutvikling. Nær samtlege reinhaldarar har fagbrev som reinhaldsoperatør, noko som er unikt på landsbasis. | (grønt) |
| Tilfredsstille alle krav til dokumentasjon | Avdelinga er ikkje ajour med alle dokumentasjonskrav i høve FDV. Interne rapporteringsrutinar krev pc hjå tilsette, og kapasitet til naudsynt rutinearbeid er nedprioritert til fordel for større byggprosjekt jfr. investeringsprogram. | (gult) |



# 5. Medarbeidarperspektivet

## 5.1 Hemsedal 50+

Hemsedal kommune har vore med i eit forskingsprosjekt der Arbeidsforskingsinstituttet (AFI) er sentrale saman med IA rådgjevarar både frå Aust - Agder, Buskerud og Telemark. Prosjektet retta seg mot tilsette 50+, hadde fokus på leiing og hadde som hovudmål å behalde tilsette lenger i arbeid. Prosjektet starta opp i 2016 og vart avslutta i 2017.

Sluttrapport frå AFI viser ei signifikant auke i ønska pensjonsalder blant kommunens tilsette 50+. (Auke frå 66% til 71,4% på spørsmål om ein kunne tenke seg å fortsette i arbeid etter rett til pensjon)
I tillegg ser ein at leiarar som aktivt jobba med å utvikle sitt leiarskap i prosjektperioden, scora betre ved avlutning av prosjektet enn då det starta.
Det er ønskeleg at prosjektet går over i ei anna form og at det vert målt att om 2 og 5 år. Prosjektet bør da omfatte alle tilsette i kommunen og ikkje berre dei over 50 år.

## 5.2 Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta

Rådmannen har fokus på samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta både gjennom AMU og andre uformelle og formelle møteplassar. Det er i 2017 innført ei rutine for medverknad som skal sikre at partane i arbeidslivet kan ha dialog og drøftingar om til dømes arbeidsgjevarstrategi, administrative prosedyrar og arbeidsmiljø. Det er eit mål at ein gjennom desse møta skal skape ein arena der dialog og informasjons-utveksling bidrar til at samarbeidet mellom partane i arbeidslivet utviklar seg og at konfliktsituasjonar vert avverga før dei rekk å vekse seg store.

## 5.3 Kompetanseutvikling

Det blir lagt stor vekt på kompetanseutvikling for å møte nye utfordringar. Det er gjennomført mange nødvendige kurs og oppdateringar innan ulike fagområde.  Fleire ufaglærte har fått fagbrev eller er under utdanning. Kommunen har sett av små midlar til formålet, men innan enkelte området har kommunen søkt og fått statlege midlar.

I 2017  har kommunen mellom anna hatt tilsette på:
Etterutdanning av lærarar i mattematikk og engelsk i tråd med nasjonale føringar
Felles løft for tidlig innsats i skulen – fokus på heilskapleg og tilrettelagt leseopplæring
Kursing av personalet innan miljøterapitenesta
Vidareutdanning i kreftomsorg, akuttmedisin, demens og psykisk helse
Kursing i Livstyrketrening
Fleire tilsette som har tatt fagbrev.
KUPP – (kompetanseheving av pedagogiske prosessar i barnehage) der programmet *Være sammen* er Hemsedal sitt utviklingsarbeid.

## 5.4 Sjukefråvær

Til tross for at Hemsedal kommune arbeider systematisk med mål om redusert sjukefråvær, har sjukefråværet i 2017 vore det høgaste på mange år (sjå tabell). Vi har eit gjennomsnittsfråvær for 2017 på 7,35 %. Det er ein auke på 1,35 % frå 2016. Desse tala inkluderer både legemeldt og eigenmeldt fråvær. Det er truleg varslarsaka som gjør at tala blir såpass høge.

| 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---:|---:|---:|---:|---:|
| 6,41% | 7,06% | 6,24% | 6,00% | 7,35% |

## 5.5 Internkontroll

Rådmannen har ansvar for internkontroll i kommunen. Rådmannen tek sikte på ei årleg gjennomgang av dei etiske retningslinene hos leiarane. Leiarane skal ha ei tilsvarande gjennomgang med sine tilsette.

## 5.6 Likestilling

Fordeling mellom kvinner og menn totalt er om lag på det som er gjennomsnitt for kommunane. Det er eit mål om å auke talet på menn innan oppvekst og helse og omsorgsetaten. Vi er ei lita kommune med stort mangfald som legg vekt på lik behandling uansett rase, religion eller etnisitet.

**Tabell 5**

**Prosent av antall kvinner og menn i ulike sektorer i Hemsedal kommune**

Pr. 1.12.2017 basert på PAI-registeret. Tabellen inneholder bare hovedstillinger.

| | Antall | | Andel (i prosent) | |
|---|---|---|---|---|
| **Sektor** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| I ALT | 195 | 50 | 80 | 20 |
| Sentraladministrasjonen | 13 | 1 | 93 | 7 |
| Oppvekst | 87 | 15 | 85 | 15 |
| Grunnskole | 43 | 10 | 81 | 19 |
| Barnehager | 37 | 2 | 95 | 5 |
| Fritidshj/skolefritidsordn | 4 | 1 | 80 | 20 |
| Øvrig oppvekst | 3 | 2 | 60 | 40 |
| Helse/sosial | 77 | 16 | 83 | 17 |
| Alm helsevern | 14 | 2 | 88 | 13 |
| Alders- og sykehjem | 35 | 3 | 92 | 8 |
| PU | 10 | 8 | 56 | 44 |
| Hjemmehjelp/-sykepleie | 18 | 3 | 86 | 14 |
| Kultur | 2 | 1 | 67 | 33 |
| Teknisk sektor | 15 | 17 | 47 | 53 |
| Ymse | 1 | 0 | 100 | 0 |



# 6. Økonomiperspektivet

## 6.1 Driftsrekneskap

Kommune-Noreg opererer med fleire resultatbegrep. Netto driftsresultat er det mest normale å referere til. I tillegg vil kommunestyre normalt bli presentert for eit begrep som heiter «rekneskapsmessig meir-eller mindre-forbruk».

**Netto driftsresultat** er eit mål for å vise handlefridomen til ein kommune. Eit positivt netto driftsresultat syner i kva for grad den ordinære drifta kan bidra til eit overskot, ev. til å finansiere investeringar og avsetningar til seinare år. «Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» anbefaler at netto driftsresultat over tid bør være >= 1,75 % av brutto driftsinntekter. For Hemsedal kommune vil dette seie at vi bør ha eit netto driftsresultat i kroner på om lag 4 mill. kroner eller meir. Begrepet er komplisert å nytte ubetinga ettersom både inntekter og utgifter som gjeld sjølvkost-området reknast med. Det same gjer tilskot frå staten og andre med bindingar om bruk.

Hemsedal kommune hadde i 2017 eit netto driftsresultat på 11,626 mill. kroner (15,56 mill. kroner i 2016), som svarar til 4,92 % av brutto driftsinntekter (6,42 % i 2016). Det er eit godt resultat, ettersom budsjett-målet for 2017 var minus 1,45 %.

Av netto driftsresultat skal noko settast av  til fond (m.a. sjølvkostfond og tilskot frå andre med binding om bruk), men det skal også nyttast av fond i samsvar med vedtak gjort av kommunestyret, samt bruk av sjølvkostfond og tidlegare avsetningar).

**Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk** er eit anna resultatmål. Dette målet er det reelle skillet mellom kva som er kommunen sine inntekter frå eige drift, frå sjølvkostverksemd samt bruk av tidlegare avsetningar fråtrukke tilsvarande utgifter.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket var i 2017 kr. 13.068.202,66

Det er dette resultatet som kommunestyret ved behandling av rekneskapet skal ta stilling til.

## 6.2 Netto driftsresultat over tid

*Netto driftsresultat blir også kommentert i sjølve rekneskapsdokumentet.*

| | R 2014 | R 2015 | R 2016 | Rev. B 2017 | R 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat - 1.000 kr. | 3 776 | 8 838 | 15 563 | -3 115 | 11 626 |
| Netto driftsresultat - % av brutto driftsinnt. | 1,78 % | 3,95 % | 6,42 % | -1,45 % | 4,84 % |




Som ein kan sjå av diagrammet over, så har kommunen dei siste åra kome vesentleg betre ut rekneskapsmessig enn kva ein har rekna med i budsjettet. Dette er sjølvsagt bra, men gjev samstundes grunn til å vurdere om ein er for pessimistisk i budsjettarbeidet, særskilt når det gjeld inntektssida. Rådmannen har sett i gong eit arbeid for å analysere dette. Uansett er det meir behageleg å vere i denne situasjonen enn om det var omvendt.

Årsaka til avvika i netto driftsresultat er i hovudsak auke i frie inntekter (skatt og rammetilskot), større statlege tilskot til flyktningar og prosjektmidlar som ikkje blir nytta fullt ut i rekneskapsåret, lågare kostnader til pensjon enn budsjettert og særs god budsjettdisiplin på verksemdene.

## 6.3 Driftsinntekter over tid

| Driftsinntekter (i heile 1.000 kroner) | R 2014 | R 2015 | R 2016 | Rev. B 2017 | R 2017 | Avvik B 2017 R 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Brukerbetalinger | -8 085 | -8 220 | -8 683 | -8 822 | -9 097 | -275 |
| Andre salgs- og leigeinntekter | -27 332 | -28 120 | -33 826 | -27 507 | -29 047 | -1 540 |
| Overføringer med krav til motyting | -28 737 | -31 773 | -35 282 | -12 515 | -30 199 | -17 684 |
| Rammetilskot | -66 512 | -69 864 | -68 460 | -71 400 | -69 845 | 1 555 |
| Andre statlege overføringar | -7 336 | -8 197 | -11 119 | -11 176 | -15 471 | -4 295 |
| Andre overføringar | -935 | -416 | -2 689 | -28 | -101 | -73 |
| Skatt på inntekt og formue | -60 492 | -64 349 | -69 719 | -73 000 | -76 758 | -3 758 |
| Eigedomsskatt | -10 039 | -10 129 | -9 862 | -7 600 | -7 135 | 465 |
| Andre direkte og indirekte skatter | -2 712 | -2 727 | -2 743 | -2 754 | -2 727 | 27 |
| **Sum driftsinntekter** | **-212 180** | **-223 795** | **-242 383** | **-214 802** | **-240 380** | **-25 578** |

*Avvik – MINUS-tal betyr meir inntekter enn budsjettert – sjå også kommentarar i rekneskap for 2017 – punkt 3*

Dei vesentlege postane gjeld:

- Overføring med krav til motyting
- Andre statlege overføringar
- Skatt på inntekt og formue som må sjåast i samanheng med rammetilskot

<u>Overføring med krav til motyting:</u>

- Refusjon sjukdom og svangerskap – 6,075 mill. kroner i meir inntekter, desse heng saman med auka kostnader til løn og sosiale kostnader. Refusjon for sjukdom og svangerskap blir ikkje budsjettert som inntekt på same måte som ein ikkje budsjetterer med tilsvarande utgifter til vikar o.l.
- Andre statstilskot – 6,97 mill. kroner i meir inntekter. Dette er i hovudsak tilskot til vaksenopplæring som har ei utgiftsside, ymse tilskot frå statleg hald til prosjekt og satsingar. Pengar som ikkje blir nytta må setjast av til fond eller betalast attende.
- Auke i frie inntekter – skatt på inntekt og formue korrigert for justert rammetilskot – 2,2 mill. kroner i meir inntekter.

Det har synt seg vanskeleg å budsjettere korrekt på ein del inntekter som gjeld statstilskot. Det er truleg fornuftig å budsjettere nøkternt både kva gjeld inntekter og utgifter, for rammene frå staten endrar seg veldig raskt. Døme på dette har vore nedlegging av EMA og oppseiing av avtale med Hemsedal statlege mottak våren og sommaren 2017. Ein kommune er normalt ikkje i stand til å justere kostnader like så hurtig som t.d. staten kan gjere når dei ikkje driv sjølv.

Ein kommune bør vere særs forsiktig med å utvikle større tilbod for noko som kan bli veldig kortsiktig. Det kan virke som om Hemsedal har greidd dette bra.

## 6.4 Frie inntekter over tid

| Frie inntekter i heile 1.000 kroner | R 2014 | R 2015 | R 2016 | R 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Skatt på inntekt og formue | -60 492 | -64 350 | -69 718 | -76 758 |
| Rammetilskot | -66 513 | -69 864 | -68 460 | -69 845 |
| **Totale frie inntekter** | **-127 005** | **-134 214** | **-138 178** | **-146 603** |

Frie inntekter er til kommunen sin disposisjon og blir rekna ut etter eit sinnrikt fordelingssystem. Inntektssystemet gjer det mogeleg å tilby tenester til alle innbyggarane i Noreg. Dei frie inntektene kan nyttast som dei vil til å produsere varer og tenester til innbyggarane i kommunen.

Utviklinga i inntekter har vore særs positiv i Hemsedal, i hovudsak grunna stor auke i befolkninga. Veksesmerter vil normalt gje utfordringar for det kommunale tenestetilbodet, noko som også blir kompensert særskilt – for 2017 fekk Hemsedal 2,055 mill. kroner i vekststilskot.

Dei frie inntektene er ikkje heilt sjølvsagt å rekne med, den einskilde regjering vil ha forskjellige måtar å nærme seg korleis fordeling mellom kommunane skal vere. Det vil normalt vere risikabelt å legge ei prognose på framtidige frie inntekter.

## 6.5 Driftsutgifter over tid

| | | | | | | Avvik B 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter (i heile 1.000 kroner)** | **R 2014** | **R 2015** | **R 2016** | **Rev. B 2017** | **R 2017** | **R 2017** |
| Løns- og sosiale kostnader | 131 690 | 135 543 | 140 809 | 140 552 | 146 145 | 5 593 |
| Varer og tenester til eigen produksjon | 29 742 | 32 035 | 33 739 | 33 446 | 35 314 | 1 868 |
| Varer og tenester som erstattar eigen | 32 872 | 37 374 | 39 047 | 33 443 | 33 794 | 351 |
| Overføringer til andre | 13 998 | 10 127 | 11 940 | 7 757 | 11 006 | 3 249 |
| Avskriving | 10 078 | 9 832 | 10 382 | 8 647 | 10 867 | 2 220 |
| Fordelte utgifter | -66 | -180 | -64 | - | -144 | -144 |
| **Sum driftsutgifter** | **218 314** | **224 731** | **235 853** | **223 845** | **236 982** | **13 137** |

*Avvik – MINUS-tal betyr mindre utgifter enn budsjettert budsjettert – sjå også kommentarar i rekneskap for 2017 – punkt 3*

Dei vesentlege postane gjeld:

- Løn og sosiale kostnader – 5,593 mill. kroner i meir-forbruk. Dette heng saman med tilsvarande inntekt som synt på førre side.
- Overføringar til andre – 3,249 mill. kroner i meir-forbruk – i hovudsak at utgifter til mva ikkje er budsjettert som eige art. Mva. blir synt frå budsjett 2018

## 6.6 Løn og sosiale kostnader – over tid

Arbeidskraft er ein viktig faktor i det kommunale tenestetilbodet. For nokre avdelingar utgjer lønskostnader og sosiale kostnader i form av pensjon og arb.g.avg. opp mot 85 – 95 % av dei totale kostnadene ved avdelinga. Kontroll på lønskostnadene og utviklinga av desse er difor spesielt viktig. Blir ein nøydd til å redusere på driftskostnadene må dette følgjeleg skje ved å effektivisere drifta av personellet, dvs. gjere jobben med færre tilsette eller gjere meir utan ei auke i talet på tilsette.

Sjukdom og svangerskap betyr mykje for korleis kostnadene utviklar seg, men vil for mykje av fråværet også gi refusjonar. Fleire avdelingar er avhengig av at det er tilsette på jobb – 24/7 – heile året. Det har ikkje vore vanleg å budsjettere med refusjon for sjukdom og svangerskap, ei heller har ein hatt reserver i lønsbudsjettet for slike hendingar. Rådmannen meiner dette er fornuftig å fortsette med.

Frå tidlegare årsmeldingar er det nytta lønskostnader i høve til sum driftsinntekter i %.

| | **R 2015** | **R 2016** | **R 2017** | **R 2017** |
|---|---|---|---|---|
| Løn og sosiale kostnader / driftsinntekter | 62,1 % | 60,6 % | 58,1 % | 60,8 % |

Ein annan måte å sjå utvikling i lønskostnader er å sjå lønskostnader fråtrukke refusjon for sjukdom og svangerskap opp mot netto driftskostnader – kor stor del av våre kostnader går til netto løn og sosiale kostnader:

| | **R 2014** | **R 2015** | **R 2016** | **R 2017** |
|---|---|---|---|---|
| Løn og sosiale kostnader / driftsutgifter ekskl. mva. | 61,5 % | 61,4 % | 61,0 % | 62,8 % |

Tabellane som syner utvikling i løn og sosiale kostnader peiker ikkje i nokon dramatisk retning og er ikkje å sjå på som urovekkande pr. 2017. Brutto løn og sosiale kostnader aukar noko meir enn generell løns-auke. Endringa er så liten at det truleg har naturlege årsaker.

## 6.7 Verksemdene – avvik rekneskap

### 6.7.1 Rådmannen med stab – sentrale inntekter og kostnader (alle tal i heile 1.000 kroner)

| | 10 - Sentraladministrasjon | R 2017 | B 2017-KORR | B 2017-1 | R 2016 | Avvik R 2017 - B 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | Løn og sosiale kostnader | 14 442 | 17 140 | 17 140 | 13 787 | -2 697 |
| 11 | Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 7 917 | 7 659 | 7 409 | 7 107 | 259 |
| 13 | Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon | 1 970 | 2 051 | 2 051 | 2 293 | -81 |
| 14 | Overføringsutgifter | 640 | 1 747 | 1 782 | 410 | -1 107 |
| 15 | Finansutgifter | 33 540 | 30 737 | 18 374 | 41 543 | 2 803 |
| | **Sum utgifter** | **58 510** | **59 333** | **46 755** | **65 141** | **-824** |
| | | | | | | |
| 16 | Salsinntekter | -574 | -429 | -429 | -491 | -145 |
| 17 | Refusjonar | -5 349 | -3 551 | -3 551 | -4 814 | -1 797 |
| 18 | Overføringsinntekter | -168 376 | -162 933 | -162 933 | -158 509 | -5 443 |
| 19 | Finansinnteker og finansieringstransaksjonar | -30 044 | -27 093 | -14 480 | -26 790 | -2 951 |
| | **Sum inntekter** | **-204 342** | **-194 006** | **-181 393** | **-190 603** | **-10 336** |
| | **SUM gruppeansvar - rådmannen med stab** | **-145 832** | **-134 673** | **-134 638** | **-125 462** | **-11 160** |

Rådmannen med stab syner eit netto mindreforbruk på 11,160 mill. kroner, les; meir inntekter enn budsjettert. I grove trekk skuldast dette meir inntekter som er ført på rådmannen. Årsakene er fleire, mellom anna blir inntekter frå mva-kompensasjon ført på rådmannen sitt område, integreringstilskot og ein del andre inntekter som gjeld flyktningar blir ført same stad. Vidare blir ein del pensjonskostnader og arb.g.avg. samt premieavvik og premiefond ført på rådmannen sitt område. Det har også vore inntektsført refusjonar som følgje av sjukefråvær. Dette har ført med seg lågare aktivitet.

### 6.7.2 Kultur og oppvekst (alle tal i heile 1.000 kroner)

| | 20 - Kultur og oppvekst | R 2017 | B 2017-KORR | B 2017-1 | R 2016 | Avvik R 2017 - B 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | Løn og sosiale kostnader | 57 095 | 52 919 | 52 719 | 56 931 | 4 176 |
| 11 | Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 7 396 | 5 294 | 5 214 | 6 627 | 2 102 |
| 13 | Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon | 5 615 | 2 420 | 2 420 | 10 497 | 3 196 |
| 14 | Overføringsutgifter | 3 333 | 2 739 | 2 575 | 5 167 | 594 |
| 15 | Finansutgifter | 3 096 | 1 814 | 0 | 2 308 | 1 282 |
| | **Sum utgifter** | **76 535** | **65 185** | **62 927** | **81 529** | **11 350** |
| | | | | | | |
| 16 | Salsinntekter | -5 578 | -5 663 | -5 663 | -5 584 | 84 |
| 17 | Refusjonar | -11 425 | -1 031 | -1 031 | -17 305 | -10 394 |
| 18 | Overføringsinntekter | -833 | -243 | -243 | -2 292 | -590 |
| 19 | Finansinnteker og finansieringstransaksjonar | -2 942 | -2 223 | 0 | -858 | -719 |
| | **Sum inntekter** | **-20 778** | **-9 159** | **-6 937** | **-26 040** | **-11 619** |
| | **SUM gruppeansvar - kultur og oppvekst** | **55 757** | **56 026** | **55 991** | **55 489** | **-269** |

Det er store avvik mellom dei einskilde artsgruppene, men desse heng godt samen med omsyn til utgifter og tilsvarande inntekter. Eit mindreforbruk på 269.000 kroner er særs bra for det økonomiske resultatet, men ettersom vakansar er ein del av det økonomiske biletet vil det også vere oppgåver som ikkje er løyst.

### 6.7.3 Helse og omsorg (alle tal i heile 1.000 kroner)

| | 30 - Helse og sosial | R 2017 | B 2017-KORR | B 2017-1 | R 2016 | Avvik R 2017 - B 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | Løn og sosiale kostnader | 52 634 | 48 875 | 48 700 | 49 357 | 3 759 |
| 11 | Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 5 381 | 4 389 | 4 354 | 4 977 | 992 |
| 13 | Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon | 16 040 | 18 880 | 18 880 | 15 674 | -2 839 |
| 14 | Overføringsutgifter | 1 694 | 1 062 | 1 015 | 1 237 | 632 |
| 15 | Finansutgifter | 1 175 | 0 | 0 | 1 420 | 1 175 |
| | **Sum utgifter** | **76 924** | **73 206** | **72 949** | **72 666** | **3 718** |
| | | | | | | |
| 16 | Salsinntekter | -4 845 | -4 182 | -4 182 | -4 339 | -663 |
| 17 | Refusjonar | -11 270 | -7 331 | -7 331 | -11 258 | -3 939 |
| 18 | Overføringsinntekter | -73 | 0 | 0 | -1 020 | -73 |
| 19 | Finansinnteker og finansieringstransaksjonar | -717 | -557 | -300 | -1 422 | -160 |
| | **Sum inntekter** | **-16 905** | **-12 070** | **-11 813** | **-18 039** | **-4 835** |
| | **SUM gruppeansvar - helse og sosial** | **60 019** | **61 136** | **61 136** | **54 627** | **-1 117** |

Det er nokre avvik mellom dei einskilde artsgruppene, men desse heng godt samen med omsyn til utgifter og tilsvarande inntekter. Eit mindreforbruk på 1.117.000 kroner er særs bra for det økonomiske resultatet, men ettersom vakansar er ein del av det økonomiske biletet vil det også vere oppgåver som ikkje er løyst.

### 6.7.4 Teknisk (alle tal i heile 1.000 kroner)

| | 40 - Teknisk | R 2017 | B 2017-KORR | B 2017-1 | R 2016 | Avvik R 2017 - B 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | Løn og sosiale kostnader | 21 353 | 21 157 | 21 157 | 20 200 | 196 |
| 11 | Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 15 240 | 16 565 | 17 095 | 15 561 | -1 325 |
| 13 | Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon | 10 168 | 10 093 | 10 000 | 10 583 | 75 |
| 14 | Overføringsutgifter | 5 340 | 2 209 | 849 | 5 127 | 3 131 |
| 15 | Finansutgifter | 3 242 | 3 254 | 2 754 | 5 828 | -12 |
| | **Sum utgifter** | **55 343** | **53 278** | **51 855** | **57 299** | **2 065** |
| | | | | | | |
| 16 | Salsinntekter | -27 291 | -26 055 | -26 055 | -32 160 | -1 236 |
| 17 | Refusjonar | -2 154 | -602 | -602 | -1 905 | -1 552 |
| 18 | Overføringsinntekter | -2 755 | -2 782 | -2 782 | -2 771 | 27 |
| 19 | Finansinnteker og finansieringstransaksjonar | -6 154 | -6 328 | -4 905 | -5 117 | 174 |
| | **Sum inntekter** | **-38 354** | **-35 767** | **-34 344** | **-41 953** | **-2 587** |
| | **SUM gruppeansvar - teknisk** | **16 989** | **17 511** | **17 511** | **15 346** | **-522** |

Også når det gjeld teknisk område er det eit mindreforbruk, nærare bestemt 522.000 kroner for det økonomiske resultatet, men ettersom vakansar er ein del av det økonomiske biletet vil det også vere oppgåver som ikkje er løyst.

## 6.8 Investeringsrekneskapen

| | Rapport investeringer basert på revidert budsjett | | |
|---|---|---|---|
| [grønn] | Gjennomføres som planlagt innenfor vedteke ramme | | |
| [gul] | Usikkerhet ifht gjennomføring og/ eller kostnad | | |
| [rød] | Avvik | | |
| **P. nr** | **Prosjektnavn** | **Revidert budsjett 2017** | **Status** |
| 12 | IKT/Utstyr skula | 295 000 | [grønn] |
| 15 | Inventar skula | 75 000 | [grønn] |
| 155 | Forskottering – kommunalt lån Hemsedal Idrettslag K-sak 30/17 | 4 115 000 | [grønn] |
| 004 | Avvik brannstasjon, og lager/verksted teknisk | 1 764 000 | [gul] |
| 005 | Investering bygg jfr. Plan for vedlikehald/ invest | 1 000 000 | [grønn] |
| 031 | Eigenkapitalinnskot KLP | 550 000 | [grønn] |
| 009 | Parkeringsareal – Tuv oppvekstsenter inkl belysning | 1 600 000 | [grønn] |
| 149 | Grunnkjøp tilleggsareal Svøo III | 70 000 | [grønn] |
| 001 | Grunnkjøp trafikkareal Tuv, sak 142/16 og sak 6/17 | 889 275 | [grønn] |
| 115 | Forskottering av midlar skogshornstig sak 5/17 | **1 000 000** | [grønn] |
| 049 | Tiltak trafikktryggleiksplan inkl tiltak ved Idrettsplassen, opp kr.0,3 | 500 000 | [rød] |
| 164 | EPC – gjennomføringsfasen – samla inkl overført beløp | 11 370 000 | [gul] |
| 094 | Asfalt Grøndalsvegen + oppgradering av grøfter og stikkrenner | 5 900 000 | [gul] |
| 008 | Utvikling sentralskule – HBU inkl grunnerverv + inventar 3 mill | 2 000 000 | [gul] |
| 057 | Velferdsteknologi – helse – video m.m. | 100 000 | [grønn] |
| 240 | Utbygging ambulanse/ ombygging legekontor | 2 500 000 | [grønn] |
| 239 | Lettare gangveg – moavegen – Tuv Bustadfelt – K-sak 47/17 | 250 000 | [grønn] |
| 020 | Tiltak gamal Venås bru – overtaking og sikring feilnr. | 300 000 | [rød] |
| | **Sum ordinære anleggsmidlar** | **34 278 275** | |
| | **Herav ord.e anleggsmidlar som gir mva- refusjon** | **22 890 620** | |
| 016 | Ventilasjon Ulsåk RA | 250 000 | [grønn] |
| 030 | Ombygging av vannforsyning i Holdeskaret og Holdebakken | 500 000 | [rød] |
| 041 | Nedlegging av pumpestasjon Flaget – ny avløpsledning | 500 000 | [grønn] |
| 139 | Utjamning Trøim RA – ny innløpsløsning – kapasitetsøkning | 4 500 000 | [grønn] |
| 108 | Utviding av høgdebasseng Holdebakken – ref. HIAS- avtalen | 450 000 | [rød] |
| 160 | Rehabiliterings av ledningsnett (Ulsåk) | 273 258 | [grønn] |
| 228 | Utbygging av VA nett Tinden | 5 016 461 | [grønn] |
| | **Sum VAR-investeringar** | **11 489 719** | |
| | | | |
| | **TOTALT** | **45 767 994** | |

Kommentar til avvika;

| P. nr | Prosjektnavn | Kommentar til avvik i høve gjennomføring av investeringar |
|---|---|---|
| 004 | Avvik brannstasjon, og lager/verksted teknisk | Etablering av lager/verksted er utsett til 2018, då personal er omprioritert til å gjennomføre ombygging av ambulanse/ legekontor. |
| 164 | Gjennomføring av EPC – kommunale bygg | Oppstart forsinka av NEE (Avtalepart). Tiltaka vert gjennomført i perioden Juli 2017 og fram til våren 2018. |
| 094 | Asfaltering av Grønndalsvegen | Masseutskifting, utskifting av stikkrenner og grøfting er utført. Asfaltering vart utsett, då alle nye vegkryssingar der det er lagt ned nye stikkrenner og strekninger der det er utført masseutskiftingar bør stå ein vinter slik at massene «set seg». |
| 020 | Tiltak gamle Venås Bru | Ikkje lykkast å få på plass ei godkjent avtale med Statens Vegvesen, som er avhengig av godkjent kryssingspunkt for skiløype for kommunen kan overta eigarskapet til brua. Grunneigaravtaler og alt nødvendig underlag frå kommunene vart sendt over i august, men manglar førebels svar. |
| | | |
| **P. nr** | **Prosjektnavn** | **Kommentar til avvik i høve gjennomføring av investeringar** |
| 030 | Ombygging av vass-forsyning i Holdeskaret og Holdebakken | Arbeidet vert meir omfattande ein fyst antatt. Etter innhenting av pris viser det seg at arbeidet totalt sett kjem til å koste nærmare kr. 1 mill, noko som skuldast at anlegget er gamalt og at fleire ventilar mv. må skiftast ut. |
| 049 | Trafikktryggleikstiltak Hugnadheim | Planlagt å ta arbeidet på rammeavtale med entreprenør, men arbeidet viste seg å vere større, og det var ikkje kapasitet til å prosjektere å køyre anbod på prosjektet. |
| 108 | Utviding av høgdebassenget Holdebakken – ref. HIAS- avtale | Prosjektet vert ikkje sett i gang før 2018 pga. gjennomføringskapasitet i organisasjonen. |

## 6.9. Balansen – nokre viktige samanhengar

### 6.9.1 Fondskapital

| *(alle tal i heile 1.000 kroner)* | **R 2013** | **R 2014** | **R 2015** | **R 2016** | **R 2017** |
|---|---|---|---|---|---|
| Bundne driftsfond | 8 774 | 8 241 | 8 005 | 13 664 | 12 627 |
| Ubunde investeringsfond | 90 | 998 | 1 987 | 14 739 | 23 499 |
| Bunde investeringsfond | 3 340 | 5 282 | 11 036 | 2 930 | 4 263 |
| Disposisjonsfond | 16 319 | 21 210 | 26 464 | 32 997 | 44 905 |
| | **28 523** | **35 731** | **47 492** | **64 330** | **85 294** |

Fondsmidlane er delt opp i fire grupper:

- **Bundne driftsfond** – øyremerka midlar motteke med binding for bruk i driftsrekneskapen. Midlane er ikkje til disposisjon for kommunestyret
- **Bundne investeringsfond** – øyremerka til spesielle investeringsføremål. Midlane er ikkje til disposisjon for kommunestyret
- **Ubundne investeringsfond** – til kommunestyret sin disposisjon som finansiering av investeringar
- **Disposisjonsfond** – kan finansiere både drifts- og investeringstiltak. Avsetning berre i driftsrekneskap. Til fri disposisjon for kommunestyre. KS har anbefalt storleik større enn 10 % av driftsinntektene, mellom anna for å kunne møte ev. auke i rentenivået

| | **R 2013** | **R 2014** | **R 2015** | **R 2016** | **R 2017** |
|---|---|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter | 8,1 % | 10,0 % | 11,8 % | 13,6 % | 18,7 % |

Som ein kan sjå har Hemsedal kommune bygga opp ein god «buffer» i disposisjonsfondet. Den kan komme godt med.

### 6.9.2 Arbeidskapital

| | R 2013 | R 2014 | R 2015 | R 2016 | R 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter | 20,4 % | 18,0 % | 24,9 % | 32,0 % | 41,7 % |

Arbeidskapitalen er forskjellen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen seier noko om kommunen kan greie å gjere opp for seg utan å brukekassekreditt. Ein reknar at arbeidskapital må vere større enn 20% av driftsinntekter.

### 6.9.3 Likviditetsgrad

***Likviditetsgrad 1***

| | R 2013 | R 2014 | R 2015 | R 2016 | R 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Omløpsmidler | 75 726 | 77 891 | 91 822 | 116 992 | 141 350 |
| Kortsiktig gjeld | 34 538 | 39 761 | 36 100 | 39 352 | 41 140 |
| **Likviditetsgrad 1** | **2,19** | **1,96** | **2,54** | **2,97** | **3,44** |

*Likviditetsgrad 1* er ein annan måte å presentere arbeidskapitalen på. Talet bør vere høgare enn 2,00.

***Likviditetsgrad 2***

| | R 2013 | R 2014 | R 2015 | R 2016 | R 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Mest likvide omløpsmidlar (bankinnskot) | 49 657 | 49 275 | 62 927 | 68 840 | 113 519 |
| Kortsiktig gjeld | 34 538 | 39 761 | 36 100 | 39 352 | 41 140 |
| **Likviditetsgrad 2** | **1,44** | **1,24** | **1,74** | **1,75** | **2,76** |

*Likviditetsgrad 2* seier noko om i kva for grad kommunen kan betale ut kortsiktige forpliktingar her og no. I det private reknast at talet bør vere høgare enn 1,00.

### 6.9.4 Lånegjeld

***Lånegjeld – fordelt på føremål:***

| *(alle tal i heile 1.000 kroner)* | **R 2013** | **R 2014** | **R 2015** | **R 2016** | **R 2017** |
|---|---|---|---|---|---|
| - Kommunale lån - investeringar | 115 618 | 112 569 | 116 168 | 117 446 | 122 297 |
| - Formidlingslån - startlån | 6 842 | 6 575 | 8 774 | 8 884 | 10 499 |
| - Sjølvkostlån - stipulert | 30 000 | 33 500 | 34 500 | 36 000 | 40 000 |
| | **152 460** | **152 644** | **159 442** | **162 330** | **172 796** |

Hemsedal kommune lånar pengar til vidareutlån (startlån), til finansiering av sjølvkost-investeringar og til finansiering av eigne investeringar. Sjølvkostlån blir ikkje lånt særskilt og må bereknast ut frå aktivitet. Beløpet er difor stipulert. Alle lån er til løpande renter.

Det er viktig å vere klar over skilnaden på eigne lån og lån for andre føremål. Dei følgjande tabellane tek dette omsynet.

***Gjeld i % av brutto driftsinntekter (kommunale lån til investeringar – eigenregi):***

| | **R 2013** | **R 2014** | **R 2015** | **R 2016** | **R 2017** |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunale lån - investeringar | 115 618 | 112 569 | 116 168 | 117 446 | 122 297 |
| Brutto driftsinntekter | 202 018 | 212 180 | 223 795 | 242 383 | 240 380 |
| | 57,2 % | 53,1 % | 51,9 % | 48,5 % | 50,9 % |

***Gjeld i kroner – pr. innbyggar:***

| | **R 2013** | **R 2014** | **R 2015** | **R 2016** | **R 2017** |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunale lån - investeringar | 115 618 | 112 569 | 116 168 | 117 446 | 122 297 |
| Tal på innbyggarar | 2 295 | 2 344 | 2 422 | 2 439 | 2 457 |
| **Kommunale lån - pr. innbyggar** | **50 378** | **48 024** | **47 964** | **48 153** | **49 775** |

Rådmannen har i oversynet teke omsyn til det som gjeld berekna gjeld til eigne investeringar. Sjølvkostlån blir finansiert ved gebyr frå brukarane. Startlån er heller ikkje med ettersom dei i utgangspunktet blir betalt inn av långjevar.

Hemsedal kommune er i ein gunstig posisjon og er relativt lite utsett for svingingar i rentenivå slik lånesituasjonen er pr. 31.12.2017.

### 6.9.5 Andre fordringar

| *(alle tal i heile 1.000 kroner)* | **R 2013** | **R 2014** | **R 2015** | **R 2016** | **R 2017** |
|---|---|---|---|---|---|
| Kortsiktige fordringar | 15 333 | 16 869 | 18 352 | 37 062 | 17 032 |

Det blir skrive av veldig få krav som tap på krav som følgje av god oppfølging gjennom året. Rekneskapstalet for 2016 skuldast spesielle tilhøve.

## 6.10 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune – andre kommunar

KOSTRA (**KO**mmune-S**T**at-**RA**pportering) er meint å gje styringsinformasjon om ressursinnsats, prioriteringar og måloppnåing over tid og samanlikna med andre kommunar. Hemsedal kommune er i KOSTRA-gruppe 2. Nes og Gol er dei andre Hallingdals-kommunane i denne gruppa.

| | | | 2017 - før revisjon | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Enhet: | 0618 Hemsedal - 2016 | 0618 Hemsedal | 0616 Nes (Buskerud) | 0617 Gol | Kostra-gr. 2 |
| **Finansielle nøkkeltal:** | | | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 2,7 | 1,4 | -1,3 | 3,8 | 2,4 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 6,4 | 4,8 | -1,3 | 1,8 | 3,0 |
| Frie inntekter i kroner per innbygger | Kroner | 56 584 | 59 667 | 59 350 | 59 287 | 61 141 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 174,4 | 183,4 | 185,3 | 194,7 | 216,5 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinnt. | Prosent | 28,1 | 37,7 | 18,0 | 26,6 | 18,8 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger | Kroner | 61 646 | 64 014 | 52 015 | 93 428 | 72 451 |
| **Prioritering:** | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager | Kroner | 149 854 | 151 754 | 151 409 | 134 719 | 146 746 |
| Netto driftsutgifter til grunnskolesektor, per innbygger 6-15 år | Kroner | 119 728 | 123 098 | 143 216 | 119 524 | 128 827 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger, kommunehelsetjenesten | Kroner | 4 299 | 4 359 | 3 540 | 4 176 | 3 622 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger, pleie- og omsorgtjenesten | Kroner | 15 413 | 16 791 | 22 241 | 19 721 | 21 589 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år | Kroner | 2 349 | 2 320 | 2 048 | 4 029 | 3 199 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten | Kroner | 11 603 | 11 678 | 18 871 | 11 575 | 11 228 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb | Kroner | 10 480 | 10 223 | 7 493 | 9 862 | 6 511 |
| **Dekningsgrad:** | | | | | | |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | Prosent | 91,5 | 88,9 | 89,8 | 86,9 | 90,5 |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | Prosent | 9,0 | 8,1 | 11,9 | 11,7 | 8,5 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten | Avt. Årsverk | 13,1 | 13,0 | 18,0 | 14,5 | 13,0 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetj. | Avt. Årsverk | 15,6 | 19,2 | 9,0 | 10,7 | 10,7 |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner | Prosent | 91,3 | 91,3 | 84,6 | 93,8 | 96,5 |
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon | Prosent | 18,7 | 18,2 | 4,1 | 10,8 | 13,4 |
| Andelen sosialhjelpsmottakere 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år | Prosent | 3,7 | 3,4 | 4,2 | 4,9 | 4,3 |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år | Prosent | 5,5 | 5,3 | 7,6 | 5,8 | 5,7 |
| Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. Driftsansvar/10 000 innb | Prosent | 16 | 16 | .. | 31 | 87 |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere | Bustader | 11 | 11 | 35 | .. | 26 |
| Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere | Årsverk | 0,55 | 0,68 | .. | 0,68 | .. |
| **Produktivitet/enhetskostnader:** | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage | Kroner | 197 034 | 206 152 | 190 780 | 182 258 | 195 169 |
| Korr. brutto driftsutg. til grunnsk., skolelok. og skoleskyss per elev | Kroner | 131 912 | 130 584 | 155 452 | 118 537 | 133 745 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn | Elever | 9,9 | 11,5 | 9,7 | 11,6 | 12,0 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester | Kroner | 221 349 | 215 204 | 455 631 | 334 177 | 234 529 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | Kroner | 1 001 160 | 1 027 400 | 1 915 000 | 1 139 281 | 1 055 027 |
| Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapp.året+1) | Kroner | 2 330 | 2 490 | 3 225 | 3 125 | 4 128 |
| Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapp.året+1) | Kroner | 4 712 | 4 684 | 1 920 | 3 665 | 4 354 |
| Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapp.året+1) | Kroner | 2 446 | 2 446 | 3 004 | 2 366 | 2 489 |
| Gj.sn. saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager | Dager | 49 | 54 | 244 | 120 | .. |
| Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate | Kroner | 146 559 | 127 364 | 88 183 | 140 860 | 86 758 |

**Kommentarar:**

Som for all statistikk er det viktig at tal som blir nytta til samanlikning er mest mogeleg einsarta. Det vil ikkje alltid vere tilfelle for KOSTRA. Kva for kommune ein skal samanlikne seg med er også eit viktig spørsmål.

Rådmannen treng innspel og spørsmål til tala for å kunne analysere det som er viktig for eksterne brukarar.

## 6.11 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune over tid

| | Enhet | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Finansielle nøkkeltal:** | | | | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | -4,5 | -0,9 | -2,9 | -0,4 | 2,7 | 1,4 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 1,7 | 4,7 | 1,8 | 3,9 | 6,4 | 4,8 |
| Frie inntekter i kroner per innbygger | Kroner | 49 654 | 54 013 | 54 183 | 55 415 | 56 584 | 59 667 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 182,8 | 188,7 | 185,1 | 181,5 | 174,4 | 183,4 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinnt. | Prosent | 16,6 | 16,2 | 13,2 | 21,1 | 28,1 | 37,7 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger | Kroner | 56 089 | 59 421 | 62 002 | 62 093 | 61 646 | 64 014 |
| **Prioritering:** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager | Kroner | 113 974 | 123 013 | 134 027 | 121 731 | 149 854 | 151 754 |
| Netto driftsutgifter til grunnskolesektor, per innbygger 6-15 år | Kroner | 114 570 | 117 818 | 128 021 | 127 206 | 119 728 | 123 098 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger, kommunehelsetjenesten | Kroner | 4 512 | 5 173 | 4 626 | 4 370 | 4 299 | 4 359 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger, pleie- og omsorgtjenesten | Kroner | 14 013 | 14 089 | 14 858 | 15 179 | 15 413 | 16 791 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år | Kroner | 2 447 | 2 066 | 2 584 | 2 105 | 2 349 | 2 320 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten | Kroner | 8 917 | 5 868 | 7 765 | 11 623 | 11 603 | 11 678 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb | Kroner | 10 108 | 9 546 | 9 638 | 10 007 | 10 480 | 10 223 |
| **Dekningsgrad:** | | | | | | | |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | Prosent | 93,5 | 87,4 | 91,2 | 91,7 | 91,5 | 88,9 |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | Prosent | 8,0 | 10,3 | 10,2 | 11,2 | 9,0 | 8,1 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten | Avt. Årsverk | 14,0 | 13,1 | 12,8 | 13,9 | 13,1 | 13,0 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetj. | Avt. Årsverk | 14,4 | 15,4 | 13,5 | 14,9 | 15,6 | 19,2 |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner | Prosent | 91,3 | 91,3 | 91,3 | 87,5 | 91,3 | 91,3 |
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon | Prosent | 20,0 | 16,7 | 16,8 | 14,6 | 18,7 | 18,2 |
| Andelen sosialhjelpsmottakere 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år | Prosent | 2,5 | 4,5 | 3,5 | 3,6 | 3,7 | 3,4 |
| Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere | Årsverk | 0,48 | 0,48 | 0,52 | 0,56 | 0,55 | 0,68 |
| **Produktivitet/enhetskostnader:** | | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage | Kroner | 144 815 | 165 421 | 172 425 | 163 351 | 197 034 | 206 152 |
| Korr. brutto driftsutg. til grunnsk., skolelok. og skoleskyss per elev | Kroner | 110 023 | 116 816 | 124 817 | 126 539 | 131 912 | 130 584 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn | Elever | 13,5 | 12,2 | 10,4 | 11,1 | 9,9 | 11,5 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester | Kroner | 262 058 | 292 492 | 262 324 | 203 104 | 221 349 | 215 204 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | Kroner | 894 739 | 887 542 | 935 200 | 905 280 | 1 001 160 | 1 027 400 |
| Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate | Kroner | 99 400 | 114 033 | 133 667 | 126 500 | 146 559 | 127 364 |

**Kommentarar:**

Ettersom det er utfordrande å finne kommunar som er like med Hemsedal kan det vere lurt å sjå på utvikling over tid. Tala kan syne om dei politiske prioriteringane blir følgd opp og ev. syner seg i kostnader eller andre måltal.

Det er ikkje utan vidare samanheng mellom innsats i kroner og kvalitet, tala må difor tolkast forsiktig. Brukarundersøking over tid vil kunne avklare nokre samanhengar.